

Hafslo barne- og ungdomsskule



Skulen sin visjon: *Me står saman for ein trygg oppvekst i eit aktivt og inkluderande læringsmiljø*

Me jobbar etter PALS-modellen ansvar, omsorg og respekt er viktige verdiar. Hafslo barne- og ungdomsskule er oppteken av fysisk aktivitet og har lang tradisjon med å nytte den flotte naturen skulen har lett tilgjengeleg. Å høyre til og vere ein del av fellesskapet skapar tryggleik for elevane. Ved skulestart i august skal alle elevar forplikte seg til å medverke aktivt til at mobbing ikkje skjer på skulen. Elevane skriv under på eit manifest og plakaten skal henge synleg i klasserommet. Skulen vår er ein lærande organisasjon, der me er praksiskule og lærarutdanningskule for Høgskulen på Vestlandet. Eit viktig partssamarbeid som skal sikre høg kvalitet i praksisopplæringa. Kvart år tek me i mot eit stor tal studentar og har mange tilsette med rettleiingsutdanning.

Tal elevar og klassar 2022/23

223 barn fordelt på 10 klassar. 1.-4. trinn: 83 elevar 5.-7. trinn: 63 elevar 8.-10. trinn: 77

Tal stillingar 2022/23

32 lærarar fordelt på 26,27 årsverk

10 elevassistentar/miljørettleiar fordelt på litt 2,5 årsverk på SFO og 4,5årsverk ved skulen

Vidareutdanning 2022/23 – Kompetanse for kvalitet (Udir)

To lærarar tek master i matematikk, ein tek master i kunst og handverk, ein tek lærarspesialistutdanning i begynnaropplæring og ein tek vidareutdanning i spesialpedagogikk.

Satsingsområde 2022

Målsetjinga vår er at satsinga på STEAM-aktivitetar i undervisninga skal bli implementert som arbeidsmetode i alle klassar. Dette samsvarar også med satsinga på auka elevmedverknad og aktive elevar. Dette skuleåret har elevmedverknad vore eit viktig tema i samarbeidet med HVL. Karin Street og Eirik Jensen frå HVL har vore samarbeidspartnarar for oss og delteke både på fellestid for alle pedagogane og jobba tett med teamleiarane og skuleleiinga. I planlegging av undervisning har tilsette ved skulen laga og prøvd ut ulike metodar for å få elevane med i planlegginga av undervisninga. Det er mellom anna utvikla enkle, digitale verkøy som gjer at elevane sine synspunkt blir lett tilgjengelege for lærarane.

I ei tid med mykje fornying i staben har også PALS som skuleomfattande innsatsmodell fått forsterka plass. Skulemiljøteamet deltok på den regionale PALS-samlinga i Gloppen og har i ettertid brukt personalmøte og team-tid til å få auka kompetansen i PALS blant dei tilsette. Me ser at arbeidet med PALS og tilpassa opplæring heng fint saman og er nyttig verkøykasse i skulekvardagen.

Det store prosjektåret

To store prosjekt har blitt gjennomført dette skuleåret. 6. og 9. trinn deltok på First LEGO league for første gong. Under overskrifta #SUPERPOWER har det blitt jobba med spanande oppdrag innanfor temaet energi. I 8 veker, frå 17. september, jobba over 700 lag frå Noreg og Sverige med innovasjon, forskning, teknologi, design og programmering, før det heile enda opp med ei lokal turnering for oss på ViteMeir. Det har vore ein ny og spanande måte å jobbe på. Elevane har bygd LEGO og løyst oppdrag ved hjelp av programmering. Ein LEGO-robot skal utføre eit visst tal oppdrag på eit konkurransebord og laga skal samle poeng. I tillegg har klassane definert eit problem innanfor årets tema; energi, som dei skal finne ei innovativ løysing på.



9. trinn har også delteke i Lektor 2-ordninga. Målet her var å få auka innsikt i korleis nytte programmering i matematikkundervisninga. Oppdraget var at Lerum ønskte at 9.trinn på Hafslo barne- og ungdomsskule skulle hjelpe økonomiavdelinga med å lukkast med valutatransaksjonar slik at Lerum kan betale sine transaksjonar til utlandet på billegast mogeleg kurs. Lerum får sine faktura i lokal valuta (EUR/USD), bokfører denne med valutakurs på fakturadato og når rekninga skal betalast på forfallsdato går betalinga til den aktuelle kursen den dagen. I perioden mellom fakturamottak (fakturadato) og når fakturaen skal betalast (forfallsdato) kan valutakursen ha endra seg. Når valutakursen endrar seg fram mot forfallsdato kan Lerum risikere å bli påført eit valutatap ved å betale fakturaen på forfallsdato og difor få ein høgare kostnad for det aktuelle

innkjøpet. Kva kostar det eigentleg å betale ei slik rekning? Vil Lerum kunne spare eller tape på å vente med betaling til forfallsdato? Elevane måtte spore valutakursen over tid og hjelpe Lerum med å programmere ein dynamisk valutakalkulator som kan seie noko om sannsynet for morgondagens kurs. I denne oppgåva fekk dei få ta i bruk alt dei har lært om statistikk, sannsyn, økonomi og ny kompetanse i programmering.

Den samla erfaringa frå dei to prosjekta er at det er motiverande for elevane å få nye arbeidsmetodar for å nå ulike kompetansemål. Me ser at elevane får utfordra seg i andre roller enn det dei vanlegvis har i klassen. Lærarane har, først og fremst, hatt rettleiarrolla og kjent på korleis det er å sleppe opp kontrollen over alt elevane jobbar med. Dette har ført til gode drøftingar kring planlegging av undervisning, nye og meir utfordrande vurderingsformer og omsyn til inkludering når ein jobbar med større prosjekt.

Vår største utfordring i 2022

Det er hektiske tider i skulekvardagen. Talet elevar som treng ekstra tett oppfølging har auka. Dette krev både fleire tilsette, ny kompetanse og andre organiseringsformer. I kombinasjon med sjukefråver og vikarmangel har det vore mange, lange kveldar for å planlegge dagane. Å legge til rette for samarbeidstid for alle som er involverte i "laget rundt eleven" har krevd ein god del ekstratid og omorganisering. Det gode samarbeidet mellom ulike aktørar er heilt nødvendig og me ser at det vidare må leggast meir til rette for at dette skal gå smidigare enn i dag.

